

Innspel fra FAU Eikanger

Ved Thomas Øvretveit, Anja Rudolph og Harald Marthinussen

Merk "16/3383 - Høyring - kommuneplan for trafikksikring 2017-2020"

- Vegar i Kategori 1

KV1110 Fyllingsnesvegen og FV393 Eidsnesvegen er i Kommuneplanen kategorisert som Kategori 1 veg. (Alle elevar i grunnskulealder som har skuleveg langs Kategori 1, skal ha rett til fri skuleskyss ved søknad)

Tiltak:

Minibuss/buss fra Fyllingsnes, Eidsnes og Høyland.

Dette er vegar som er smale og farlege å ferdest på for skulebarna. Ved å bruke buss vil ein og redusera biltrafikken i drop zone ved levering og henting på skulen.

- Belysning av skuleveg.

Tiltak:

Få opp fleire lyspunkt langs:

FV393 Eidsnesvegen

FV397 Mykingvegen

KV1110 Fyllingsnesvegen

- Tungtransport til næringsområder:

Aukande trafikk av tungtransport på FV397 Mykingvegen til Lindås/Mongstad, Industriområdet og til tømmerkaien på Eidsnes via FV393 Eidsnesvegen.

Tiltak:

Bedre skilting for å unngå tungtransport med tømmer til Tømmerkai på Eidsnes via bussholdeplass Eikanger Bru og vidare innover FV393 Eidsnesvegen.

Rettleia dei inn til krysset Hindenes/Eknes på E39.

I tillegg utbedring av FV397 Mykingvegen til å tåle den aukande trafikken.

- FV397 Mykingvegen kat 3?: sjå vedlagt bilde

Tiltak:

Utbedre sving før flate mot Høyland. I tillegg fleire svingar som burde vore utbedra pga. dårlig sikt/smalt.

- E 39:

Tiltak:

60 sone (eventuelt nedsatt fart i skuletida) fra kryss ved Sauvågen (Hageland) forbi Industriparken Eikanger.

Større barriere mellom gangveg og E39 fra Eikanger bru til kryss FV397 Mykingvegen.

Er i dag fraværende eller veldig lav.